

MØTEREFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 01/2026 | Klokkeslett: 09.00- 11.15 | Dato: 11.02.2026

Møtestad: Teatersalen Bergen rådhus

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 11.02.2026

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ove Myrvåg	Leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Tone Oppedal	Avdelingsdirektør, Statens vegvesen
	Nina Bognøy	Varaordførar, Alver kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Børge Haugetun	Utvalsleiar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Eivind Nævdal-Bolstad	Byråd, Bergen kommune
	Synnøve Stalheim	Direktør, Statsforvaltaren i Vestland – deltok på Teams
	Solveig Paule	Seksjonsleiar, Jernbanedirektoratet
Andre	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Hilde Heggheim	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen – deltok på Teams
	Guro Raness	Statens vegvesen – deltok på Teams
	Tor-Erik Jule Lian	Statens vegvesen – deltok på Teams
	Kari Gåsemyr	Sekretariatet i Miljøløftet (sekretariatsleiar)
	Anders Kjetland	Sekretariatet i Miljøløftet
	Kristina Vikesund	Sekretariatet i Miljøløftet
	Erlend Otterå	Sekretariatet i Miljøløftet

Innhold

Saksliste byvekstavtalen.....	3
Sak 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste	3
Sak 2/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.11.2025 og 12.12 2025	3
Sak 3/25 Informasjon om handlingsprogramprosessen 2027-2029.....	3
Sak 8/26 Orientering om landsdelskartleggjing i samband med NTP (2029-2040)	3
Sak 4/26 Nytt anslag Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop.....	3
Sak 5/26 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2026.....	4
Sak 6/26 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet.....	5
Sak 7/26 Orientering om trafiksikkerheit	5
Sak 8/25 Eventuelt, byvekstavtalen	5
Saksliste bypakke Bergen	5
Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	5

Saksliste byvekstvtalen

Sak 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 2/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.11.2025 og 12.12 2025

Vedtak: Referata frå møta i styringsgruppa 10.11.2025 og 12.12.2025 er godkjente.

Sak 3/25 Informasjon om handlingsprogramprosessen 2027-2029

Kari Gåsemyr, sekretariatsleiar, orienterte om handlingsprogramprosessen 2027-2029 og innspel til statsbudsjett 2027. Ho orienterte om samla kostnad for prosjekta, og handlingsrom for dei ulike finansieringskjeldene.

Prioriteringsrådet skal i sitt møte i februar drøfte prosjekt og utarbeide forslag til handlingsprogram. Forslaget blir lagt fram for styringsgruppa i møtet 27. mars der styringsgruppa skal vedta handlingsprogram 2027-2029.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa sluttar seg til vidare prosess for HP 27-29.

Sak 8/26 Orientering om landsdelskartlegging i samband med NTP (2029-2040)

Tor-Erik Jule Lian, Statens vegvesen, orienterte om at det er starta opp eit arbeid med å kartleggje utfordringsbiletet og mobilitetsbehov i landsdelane slik at neste NTP (2029-2040) kan møte desse. I samband med kartlegginga har det blitt invitert til deltaking i digital workshop og til å gje skriftlege innspel. Det er lagt opp til at den største kommunen, dvs. Bergen kommune, samordnar deltakinga og uttalen frå kommunane i Miljøløftet. Workshop for Vest-Norge og Sørlandet var satt til 11. februar 2026, og det blei opplyst at Bergen og Alver kommune var påmeldt frå vår byregion.

I møtet blei det peika på at det var svært knappe fristar for tilbakemeldingar i denne kartlegginga. Fleire peika på at det er viktig at også utfordringar i kommunane rundt Bergen kom fram og det blei vist til at fylkeskommunen har ei viktig rolle i å beskrive utfordringane i regionen på ein god måte. Bergen kommune vil komme tilbake til korleis dei vil følgje opp saka etter workshopen for å sikre innspel frå regionen.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 4/26 Nytt anslag Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop

Statens vegvesen, ved Tone Oppedal, orienterte om at reguleringsplanen for delstrekning 3A no er klar for sluttbehandling i Bergen kommune. Eit nytt kostnadsoverslag viser ei vesentleg kostnadsauke samanlikna med handlingsprogrammet 2026–2029. Vegvesenet ønskjer å informere om både dei nye kostnadene og vidare prosess, og peikar på at ein

etter planfasen kan sjå på ei nedskalert løysing for delar av strekninga som eit mogleg framtidig byggeprosjekt.

Bergen kommune, ved Eivind Nævdal-Bolstad, meinte kostnadsnivået gir grunn til reaksjonar og at partane bør ta ein «fot i bakken» og vurdere enklare og rimelegare løysingar. Han peika på at det er krevjande å forsvare pengebruken uavhengig av finansieringsform.

Bergen kommune fekk støtte frå både Vestland fylkeskommune og kommunane Bjørnafjorden, Alver og Øygarden. Partane hadde også utfyllande kommentarar:

- Vestland fylkeskommune ved Jon Askeland understreka behovet for midlar også til sykkelløysingar mot nord.
- Bjørnafjorden kommune ved Terje Søviknes bad Vegvesenet forklare korleis kost-nytte-vurderinga i slike prosjekt står seg opp mot andre prosjekt som Statens vegvesen gjennomfører.
- Alver kommune ved Nina Bognøy viste til at det er viktig at prosjekta har ei økonomisk ramme som kan forsvare, særleg inn mot kommande forhandlingar om ny byveksttaltale.
- Øygarden kommune ved Børge Haugetun meinte innsparingane som så langt er skissert, verkar marginale. Han viste til at trafikksikkerheit for syklende og gåande er viktig, men oppfordra til å finne kompromissløysingar med lågare kostnader.

Tone Oppedal svara at sykkelstamvegen må halde ein standard som gjer at folk faktisk vel å bruke han. Ho understreka behovet for å skilje gåande og syklende, og at måloppnåing krev ein samanhengande og trygg trasé. Ho peika vidare på at reguleringsarbeidet no gir høve til å sikre nødvendig areal utan ekspropriasjon.

Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen og Bergen kommune uttrykte at det er hensiktsmessig å sjå på løysing for sykkelvegen saman. Med dette som utgangspunkt blei det formulert nytt forslag til vedtak i saka som fekk tilslutning:

Vedtak: *Styringsgruppa ber Statens vegvesen arbeide vidare med reguleringsplanen for Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop før denne blir fremma til behandling i Bergen kommune, for å finne nedskalerte løysingar til ein lågare kostnad enn anslaget på 468 mill.*

Styringsgruppa ber Statens vegvesen gå i dialog med Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for å finne omforente og nedskalerte løysingar, før oversending av forslaget til sluttbehandling i Bergen kommune.

Sak 5/26 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2026

Anders Kjetland, sekretariatet, orienterte om kommunikasjonsarbeidet i Miljøløftet og aktivitetsplanen for 2026. Han viste mellom anna til at kommunikasjonsarbeidet har si forankring i [byutgreiinga](#) som ligg til grunn for gjeldande avtale i Miljøløftet og at dei overordna kommunikasjonsmåla er å spreie kunnskap gjennom prosjektkommunikasjon og opningar og bidra til endring gjennom kampanjar og reiserådgeving. Kommunikasjon er ein etablert del av sekretariatet i Miljøløftet sitt arbeid.

Børge Haugetun, Øygarden kommune, viste til svært positive tilbakemeldingar på Miljøløftet sitt kommunikasjonsarbeid og arrangement i kommunen, og at ein her fekk

mykje for lite. Han viste til at arrangementa også har vore arena for tilbakemeldingar frå publikum som har vore nyttige for kommunen.

Vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 6/26 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet

Erlend Otterå, Sekretariatet, orienterte om resultatane frå spørjeundersøkinga om kjennskap og haldningar til Miljøløftet som blir gjennomført årleg. I tillegg til ein del av spørsmåla frå tidlegare år, var det lagt inn fire nye spørsmål om bruk av kollektivreiser, og kva som ville kunne få folk til å reise kollektivt oftare.

Undersøkinga har 14 spørsmål og viser mellom anna at sjølv om det er nokon færre som kjenner til Miljøløftet i år, er det ein større del av dei som svarer som kjenner godt til Miljøløftet. Det er særleg i Bergen og i Bjørnafjorden ein er tilfredse med kollektivtilbodet. Haldninga til bompengar er relativt stabil, men flest er positive til bompengar i Bergen samanlikna med omegnskommunane. Delen som er positive til privatbilisme er svakt aukande.

Vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 7/26 Orientering om trafikksikkerheit

Guro Raner, Statens vegvesen, orienterte om nullvisjonen og trafikksikkerheitsutviklinga. Byvekstavtalen har som mål at tiltak i avtalen ikkje skal føre til fleire hardt skadde og drepne i trafikken, i tråd med nullvisjonen. Statens vegvesen ser at vi etter ein periode med reduksjon i talet hardt skadde og drepne, no er i en fase der ulukker og talet på hardt skadde og drepne i trafikken er aukande, spesielt i byområda. Som følgje av dette har Statens vegvesen ønskt å setje trafikksikkerheit på dagsorden i byvekstavtalene.

Vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 8/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Ingen saker meldt.

Saksliste bypakke Bergen

Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Ingen saker meldt.